

Bondeposten



Informasjonsskriv frå Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, nr 2/18

Telefon Sentralbord 51 75 00 00. E-post postmottak@hjelmeland.kommune.no

24.årgang. Ansvarleg redaktør Haldis K. Nilsen, redaksjon: Torborg Kleppa, Anne Kari Skogerbø, Kristofer Tveiterå. Foto: Anne Kari Skogerbø, og andre i adm. i kommunen.



Innholdsliste;

Avlingsskade, avløyssarrefusjon – dokumentasjon, sjukdomsavløyssing, produksjonstilskot, RMP 2018, kampen mot tistelen, mjølkekvotar, spreieareal, tilskot til drenering, fysiske tiltak i vassdrag, AK-tilskot og inngrep i kulturlandskapet, rydding av landbruksplast, tilskot til gjødsellager, tilskot frå Innovasjon Norge, dyrehelseforskrift, informasjonsmøte CWD-prøvar, skogplanting, klimaskog, kommuneplan, endring i sentralbord og besøksrutinar.

AVLINGSSKADE

Pga tørke kan det hende her blir så stor avlingsskade at du vil søkje erstatning. Eigenandelen er 30 %, har du avlingsskade utover det kan du søkje om erstatning. Du skal drive vanleg jordbruksproduksjon, og gjere dei vanlege nødvendige tiltaka; åkerarbeid, gjødsling, hausting ol. Dersom det ser ut for at det kan bli avlingsskade skal du melde frå snarast råd til kommunen, og så kjem ein eventuelt tilbake til søknad når sesongen er ferdig og ein ser korleis totalen blir. Søknadsfrist er 31. oktober.

IMPORT AV FÔR - TOLLNEDSETTING

Som følgje av underskotssituasjonen vil mange bønder bli nøyd til å kjøpa fôr, bla gjennom import. Landbruks og matdepartementet har vedtatt å gi ei generell tollnedsetting til nulltoll for høy under varenummer 12.14.9091 og for heil halm under varenummer 12.13.0001. Tollnedsettinga skal gis med verknad frå 13. juli 2018 og fram tom 30. september 2018. Ei forlenging av perioden vil bli vurdert.

Tollfritaket vert gitt som ei generell tollnedsetting, slik at all import innafor disse to varenummera er tollfri i denne perioden. Importen må vera i tråd med Tolletatens og [Mattilsynets regelverk](#), men det trengs ingen løyve eller dokumentasjon frå Landbruksdirektoratet.

Ved import av grovfôr har importøren eit sjølvstendig ansvar for å sikra at alt fôr er trygt og i samsvar med krav i regelverket. Informasjon om import fra tredjeland og samhandel med EU-land finn du på Mattilsynet sine heimesider.

AVSLØYSARREFUSJON – DOKUMENTASJON

Eksempel på dokumentasjon av avløyssarutgifter utanom gjennom avløyssarlaget er;

* A-melding frå Altinn

* Bankbilag og faktura

Det må koma tydeleg fram av eventuell faktura kva beløp som er knytt til tenesta det vert søkt om avløyssartilskot for. Det vert ikkje gitt tilskot til leige av maskinar og anna materiell i samband med tenesta, difor må fakturaen spesifisere kva som er utgifter til leige av personell, og kva som er utgifter til maskinleige og/eller andre varer. For eksempel ved rundballing.

SJUKDOMSAVLØYSING – ENDRINGAR I FORSKRIFT

Endringane trer i kraft frå 15. august 2018. Den mest vesentlege endringa er at søknadsfristen nå blir eitt år etter siste dag i den perioden det vert søkt tilskot for. Her blir og elektronisk søknadsskjema.

PRODUKSJONSTILSKOT – ENDRINGAR I FORSKRIFT

Distriktstilskot til grøntproduksjon er eit pristilskot, men blir forvalta i saman med produksjonstilskota. Fom 2018 er her ikkje lengre krav om at du må ha omsett varene gjennom eit godkjent omsetningsledd. Nå kan du og få tilskot til alt som er omsett til konsum eller konservesmarknaden, uavhengig av omsetningskanal. Dvs. at dersom du sel på torget, eller har direktesal heime på garden, kan du og søkje om tilskot til desse varene. Kontrollgrunnlaget for omsette varer vil vera din salsdokumentasjon, dvs. at skal kunna leggja fram salsdokumentasjon ved eventuell kontroll. Salsbilag må innehalde kvantum omsett vare spesifisert i kg. Dette er ikkje eit krav som vert sett etter bokføringsforskrifta, men er nødvendig for at forvaltninga skal ha kontrollgrunnlag ved eventuell søknad om produksjonstilskot. Dersom du foredlar varene før sal, må du dokumentera mengda varer som er brukt for å framstilla produktet + salsbilag for mengde omsett foredla produkt.

Beitetilskot til dyr på blanda beite – dvs ikkje gjerde mellom innmarksbeite og utmarksbeite. Vilkår for å få tilskot til dyr på utmarksbeite er endra.

Forskrifta er endra og endringane trer i kraft 1.7.18. Her står no om tilskot til husdyr og beitetilskot:

« § 3 tredje ledd bokstav b, c og d skal lyde:

- b) mjølkekyr, dersom føretaket har mellom 6 og 50 mjølkekyr,
- c) dyr på beite med tilfredsstillande beitemoglegheiter, dersom hovuddelen av det daglige grovfôrintaket til dyret skjer ved beiting i minimum 12 veker i sone 5–7,
- d) dyr på utmarksbeite med tilfredsstillande beitemoglegheiter, dersom hovuddelen av det daglige grovfôrintaket til dyret skjer ved beiting i utmark i minimum 5 veker.»

RMP – REGIONALT MILJØTILSKOT 2018

Søknadmateriellet for Regionalt miljøprogram 2018 er klart frå 09.07.18. Frå 1. august kan landbruksføretak i Rogaland søkje tilskot til miljøtiltak på si driftseining.

Auka satsar til skjøtsel av bratt areal

I tråd med føringane frå jordbruksoppgjeret er tilskotssatsane til skjøtsel av bratt areal auka. Som tidlegare blir miljøtilskotet gitt til dei som disponerer arealet, og søker produksjonstilskot til det.

Regionalt miljøprogram - miljøarbeid i praksis

Kvart fylke utarbeider 4-årige miljøprogram som set rama for dei regionale miljøtilskota. Dei fire overordna miljømåla er:

- redusere forureining til vatn og luft
- ta vare på kulturlandskap og kulturminne
- legge til rette for friluftsliv
- ta vare på biologisk mangfald.

KAMPEN MOT TISTELEN

Norsk landbruksrådgiving skriv:

Tistel er eit av dei største problemugrasa i beite.

Mange stader står det framleis frodige tistelskogar i full blom. Desse frør seg om svært kort tid. Dette må



du gjere noko med! Om ikkje for eigen del, så for å bevare eit godt naboskap. Nå er det i seinaste laget å få god effekt av sprøyting. Ein kan i verste fall tvangsmodne planta. For å ta planta må ho hakkast av under det nedste bladet slik at det ikkje er noko grønt att med tilknytning til rota. Dersom dei berre kapper stengelen/ det er for mykje grønt att med tilknytning til rota, vil det komme 4-6 nye stenglar opp som kan sette frø. I tillegg til å hakke tistelen av, bør ein ta med seg stengelen og brenne den. Når det er så seint som nå, risikerer ein at det er nok energireserver i stengelen til at ho likevel kan danne spiredyktige frø. Dersom det er vrient å komme til, kan ein slå av stengelen med ei stutturv eller liknande, for så å gå over med ryggsprøyta etterpå. Hugs at tistelen er toårig. Den dannar ein rosett med blad fyrste året og stengel med blom andre året. Rosettane kan sprøytast så lenge det er over 15 grader. Altså langt utover hausten. Rosettar som er sprøyta i haust, slepp du ta til neste år.

KJØP/SAL/LEIGE AV MJØLKEKVOTE

Frist for sal av grunnkvote er 1.8. Frist for kjøp og leige av mjølkekvote og endring i kvoteforhold er 1.10.

Sal av grunnkvote ku og geit: Eigiar av landbrukseigedom med grunnkvote kan selja heile eller delar av kvoten sin. 20 prosent av kvoten må seljast til staten. Resterande 80 prosent kan seljas privat.



Pris ved sal av kvote til staten er kr 2,50 per liter, medan pris ved privat sal blir fastsett privat.

Salet av grunnkvote ku og geit må meldes inn seinast 1. august inneverande år for å få verknad frå neste kvoteår, som startar 1. januar. Sjå [temaside for melkekvoter](#) hjå Landbruksdirektoratet for søknadsskjema for sal og meir informasjon om sal av grunnkvote.

Utleige av grunnkvote: Eigiar av landbrukseigedom med grunnkvote kan leiga ut heile eller delar av kvoten. Kvoteleige kan kunn skje innan same produksjonsregion, og pris blir fastsett privat.

Utleige av ku- eller geitemjølkkvote må meldast inn seinast 1. oktober inneverande år for å få verknad frå neste kvoteår, som startar 1. januar. Landbruksdirektoratet oppfordrar til at søknader om utleie av kvote sendes inn elektronisk via [Altinn](#).

Endring i kvoteforhold: Søknad om endring i kvoteforhold for ku- og geitemjølkkvote må sendes Landbruksdirektoratet innan 1. oktober for å få verknad frå neste kvoteår, som startar 1. januar.

Eksempel på slike endringar er opphør av kvoteleie, innmelding, utmelding, oppløysing og oppstart av føretak for felles mjølkeproduksjon.

Se [temaside for melkekvoter](#) for meir informasjon.

SPREIEAREAL

GDE kalkulator finn du på Fylkesmannen si heimeside:

<https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Spreiearealskjemaet-er-oppdatert/>

Skjema er oppdatert i tråd med endringar i produksjonstilskot i 2017. Føretaket har sjølv ansvar for å ha nok spreieareal. Fulldyrka jord og overflatedyrka jord er automatisk godkjent som spreieareal.

Innmarksbeite må ha godkjenning frå Fylkesmannen (tidlegare), eller kommunen for å kunne nyttast som spreieareal.

TILSKOT TIL DRENERING

Hjelmeland kommune har fått tildelt kr 400.000,- til dreneringssøknadar i 2018. Desse er oppbrukt første halvår i år. Me har ikkje fått meir tildelt no i juli, men me kan be om meir midlar seinare i år.



Det som er viktig er at du søker om tilskotet til

drenering **før du startar jobben**. Du må ha eit vedtak på søknaden din før du kan starte, elles får du ikkje tilskot. Berekn difor litt tid til søknaden. Når du får løyve, har du 3 år på deg til å utføre dreneringsjobben.

Her er utarbeidd søknadsskjema, du finn dei på heimesida til Landbruksdirektoratet under «miljø og økologisk», drenering, eller ta kontakt med fagkonsulent landbruks Anne Kari Skogerbø, tlf 40439126, så kan du få tilsendt skjema.

FYSISKE TILTAK I VASSDRAG

Graving og andre fysiske inngrep i vassdrag er søknadspliktig etter vassressurslova og lakse- og innlandsfiskeleva, jf. [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#).

Alt etter om her er anadrom laksefisk eller ikkje, skal ein søkje til Fylkesmannen eller Rogaland Fylkeskommune.

INNGREP I KULTURLANDSKAPET

Blir ein steingard fjerna utan godkjenning frå kommunen er vilkåra for areal - og kulturlandskapstilskot brotne. Fylkesmannen i Rogaland har publisert 25.04.2018: Jordbruksføretak som gjer uønskte inngrep i kulturlandskapet mister retten til areal- og kulturlandskapstilskot. I omgrepet kulturlandskap høyrer både landskapsbiletet, mangfaldet i naturen og kulturhistoriske verdiar med.

Sterkare miljøkrav med ny forskrift

Miljøkrava i produksjonstilskot i jordbruket blei forsterka ved forskriftsendringa i 2014. Kravet om Miljøplan blei tatt bort, og i staden kom det vilkår om at søkerane ikkje kan gjere «forringende inngrep i kulturlandskapet» med mindre det er gitt ei tillating. Det vil seie at viss det blir slått fast at det er gjort inngrep i kulturlandskapet, vil føretaket ikkje kvalifisere for areal – og kulturlandskapstilskot (AK- tilskot).

Døme på inngrep

Her er ei liste med døme på inngrep som fører til at ein mister retten på AK- tilskotet. Lista er ikkje uttømmende.

- oppdyrking av skogbryn, kantsoner og andre restareal mot innmark,
- fjerning av åkerholmar, steingjerde og gamle rydningsrøyser,
- oppdyrking eller fjerning av ferdselsårer,

- tiltak i utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova som ikkje er i tråd med godkjent tiltaksplan
- kanalisering og lukking av elver, bekker og grøfter,
- planering av jordbruksareal under 1 daa,
- sprøyting av kantvegetasjon og åkerholmar, med mindre dette er eit ledd i skjøtselen av kulturlandskapet.

Kan gi store konsekvensar for tilskotsutbetalinga

Dersom ein gjer slike inngrep, skal kommunen ikkje godkjenne utbetaling av AK- tilskot. Utbetalt AK- tilskot varierer frå føretak til føretak etter storleiken på areala, type vekst og tilskotssone. Det totale AK-tilskotet fell bort det søknadsåret då inngrepet i kulturlandskapet blei gjort. Dersom ein i 2018 til dømes lukker ein bekk, så mister ein heile AK-tilskotet for 2018.

Kommunen kan gi godkjenning

Kommunen kan på førehand godkjenne inngrep så langt fram som regelverk ikkje er til hinder. Det er viktig å merke seg at godkjenninga må vere gitt på førehand. Blir det slått fast brot, til dømes fjerning av steingard utan tillating, så er vilkåra for AK- tilskot ikkje oppfylt. Dette gjeld sjølv om kommunen i ettertid godkjenner fjerninga.

Leigetakar eller eigar

Det er den som disponerer areala, og som søker om tilskot, som er ansvarleg for at det ikkje blir gjort inngrep i kulturlandskapet. Dette gjeld enten ein er eigar eller leigar av eit areal.

RUNDBALLEPLAST OG ANNA SØPPEL/FORUREINING

Landbruket kan levere landbruksplast gratis på mottaksstasjonar, for eksempel på RYMI sitt anlegg på Viganeset. Det er difor ikkje greitt at plasten heng i tretoppar og på gjerder, eller ligg att på beiter mm der det er fôringsplass. Kommunen minner om det ikkje er lov å brenne landbruksplast.

TILSKOT TIL GJØDSELLAGER

Fylkesmannen skriv på si heimeside: Dagens krav til gjødsellagerkapasitet er 8 månadar. Vårt råd er; bygg kapasitet til 10 eller aller helst 12 månadar. Det vil vere eit godt klimatilpassingstiltak og det vil også vere godt for bonden. Over sommaren kjem det ei ny tilskottsordning til gjødsellager. Den vil likna mykje på den vi hadde sist vinter.

TILSKOT FRÅ INNOVASJON NORGE

Skal du investera i gardsbruket ditt kan det vera at du kan søkje om tilskot frå Innovasjon Norge. Midlane kan gis;

IBU-midlane Rogaland skal i 2018 gå til mjølkekufjøs (heile fylket), ammekufjøs/storfekjøtfjøs (distrikta), miljøtiltak, frukt/bær, generasjonsskifte, nye landbruksbaserte næringar (mat-/reiselivsprosjekt har prioritet) og andre prosjekt med særleg høg innovasjonsgrad.

NB! Nye kufjøsprosjekt har særleg prioritet, også med lågare mjølkekvoter enn som er normalt ved nybygg. Det er ei nasjonale prioritering som gjeld fornying av fjøs for 15-30 kyr. Det skal ikkje stillast krav til auka mjølkevolum på det aktuelle bruk, grunnlaget skal vere fornying av eksisterande driftsomfang.

NY DYREHELSEFORSKRIFT STILLER STRENGERE KRAV TIL DEI SOM HELD DYR

Ny dyrehelseforskrift er vedtøken. Den nye forskrifta skal førebygge sjukdom hjå dyr og tredde i kraft 01.07.2018. Frå Mattilsynet har me henta denne informasjonen:

Ny dyrehelseforskrift - Kva er nytt?

«Mye videreføres fra den gamle forskriften, men en del er nytt. Viktige endringar i regelverket er:

- Det innføres **karenstid** for flytting av storfe, svin og lamadyr
- Dyreholdere får større ansvar for forebyggende helsearbeid. Viktige stikkord her er skriftlig smittevernplan, særskilte hygienekrav i næringsrettede dyrehold og kompetansekrav.
- Forbud mot flytting av hunddyr av sau videreføres og utvides til å også gjelde hunddyr av geit. Forbud mot flytting av småfe over fylkesgrenser oppheves, og det blir laget større regioner som vil bidra til at det nå blir lettere å flytte hunddyr av småfe. Det åpnes også for livdyrsamarbeid på småfe under visse forutsetninger



Smittevernplan: Alle som driver næringsretta dyrehold må lage en egen smittevernplan for sitt dyrehold. Dersom du driver med storfe, sau, geit, svin, oppdrettshjort, pelsdyr og fjørfe i en virksomhet som mottar produksjonstilskudd og/eller har en omsetning som overstiger grensen for å være merverdiavgiftspliktig, må du ha en smittevernplan. Smittevernplanen gjelder for alle som arbeider i dyreholdet. Det er dyreeiers ansvar å sikre at alle som arbeider i dyreholdet kjenner og følger smittevernplanen.

Smittevernplanen skal oppdateres årlig, og vises til Mattilsynet dersom vi ber om det ute på tilsyn.

En smittevernplan skal beskrive hvilke rutiner du har for å sikre godt smittevern i ditt dyrehold. Den skal med andre ord beskrive hva du gjør for å forebygge smitte inn- og ut av ditt dyrehold.

Smittevernplanen skal være skriftlig og må minst inneholde følgende punkter:

- En plantegning som viser hvor dyr og personer beveger seg inn og ut av dyreholdet.
- Den skal blant annet beskrive hvordan:
 - a. Dyr tas inn og ut av dyreholdet
 - b. God dyrehelse sikres ved kjøp av livdyr, inkludert muligheter for å oppstalle dyr separat
 - c. Melk og egg leveres
 - d. Mulig smitte fra egen og innleid arbeidskraft hindres
 - e. Persontrafikken inn og ut av dyreholdet foregår. Det må være særlige krav til veterinærer og andre som er tilknyttet eller i mulig kontakt med andre dyrehold
 - f. Kadaver, gjødsel og avfall håndteres og hentes
 - g. Fôrhygiene, vanningsanlegg, strø, redskap og utstyr sikres
 - h. Desinfeksjonsmiddel er tilgjengelig

- i. Risikoen for å spre smitte ved krysstrafikk mellom dyr, mennesker og kjøretøy i nærheten av tilholds rom for dyr kan reduseres.

Det er viktig at smittevernplanen er tilpasset det enkelte dyreholdet. Smittevernplanen skal gjelde for alle deler av driften som angår dyr.

Det er forbudt å flytte hunddyr av sau og geit fra en besetning til en annen, [men du kan søke Mattilsynet om tillatelse](#).

Værer kan flyttes mellom besetninger innan fylket de bor i uten at du trenger å søke om dette. Du må likevel ha en egenerklæring (se eget kapittel). Skal værene flyttes over fylkesgrenser, i samme småferegion, trenger de i tillegg en veterinærattest. Det er forbudt å flytte vær ut av den småferegionen de befinner seg i.»

INFORMASJONSMØTE OM UTTAK AV CWD-PRØVAR PÅ HJORT OG ELG

Miljødirektoratet har bestemt at det skal takast hjerne- og lymfeknuteprovvar av alle vaksne hjortar og elgar som blir skotne under jakta i Hjelmeland i 2018. Det er jevrane sjølv som skal ta ut desse prøvane. Informasjonsmøte om korleis dette skal gjerast og utdeling av prøvetakingsutstyr den



16. august, kl. 19.30 på Kommunehuset. Ver venleg å noter datoen og spreie informasjonen om dette møtet til valdansvarlege, jaktleiarar og jevrar.

SKOGPLANTING 2018

Det blei i 2017 hogd over 31 000 kubikk i Hjelmeland, det vil dermed vera eit stort behov for planting i dei nærmaste åra. Har ein hatt hogst i 2017 eller tidligare og ikkje har fått planta til arealet kan ein bestille haustplanting. Det er viktig å sette arealet i ny produksjon og før annan vegetasjon tar over. For å bestille planting kan ein ta kontakt med Vestskog eller Nortømmer. Ein kan og ta kontakt med kommunen om ein vurderer å plante og har spørsmål om planting.



Til planting kan ein få NMSK tilskot som er 60% på treslagsskifte (furu eller lauv til gran), og 20% for planting etter hogst av gran. I tillegg kan ein få 80% tilskot på dei siste 50 plantene sett pr. dekar, avhengig av bonitet. Og sjølv sagt kan ein og bruke skofond til planting av skog.

KLIMASKOGPLANTING I HJELMELAND

Pilot prosjektet «planting av skog på nye areal som klimatiltak» som Hjelmeland saman med Vindafjord, Egersund, Bjerkreim og Tysvær er med på, går nå mot slutten. Prosjektet blir avslutta i løpet av 2018. Areala som er godkjende til klimaskogplanting er i løpet av våren planta til, og det er totalt planta 285 dekar med klimaskog i Hjelmeland.

For å få eit perspektiv på kor mykje dette utgjer i form av karbonbinding, vil arealet som er planta i Hjelmeland binde 940 tonn CO₂ kvart år. Dette tilsvarer det årlige utsleppet til 313 bilar (20 000km/årlig kjørelengde).

Dette er bare ein liten del av skogen i Hjelmeland som bidrar godt til karbonbinding både med den ståande skogen og det som kvart år blir planta i ordinær skogplanting.

KOMMUNEPLAN

Forslag til revidert kommuneplan har vore ute til høyring. Kommunen jobbar no med å sortera alle merknadane som er komne inn, og skal i tillegg ha møter med regionale og statlege styremakter om deira motsegner (protestar) til planforslaget. Desse møta er beramma til slutten av august. 4 september vil kommunestyret gjennomføra ei synfaring i kommunen for å sjå nærare på ein del av forslaga i planen. Opplegget for synfaringa er ikkje klar enno.

Planforslaget vil bli lagt fram for politisk behandling så snart me får det til. Kommunen vil arbeida vidare med planforslag for sentrum, og ein tek sikte på at eit forslag her kan bli lagt ut til høyring i løpet av hausten.

ENDRING I SENTRALBORD OG BESØKSRUTINAR

Hjelmeland kommune har innført digitalt sentralbord. Dvs at sentralbordet er betjent i tida 10-00 – 15.30. Utanom det får du tasteval når du ringer kommunen sitt nummer. Landbruk og andre på plan og forvaltning er under tastevalet «plan, forvaltning, byggesak mm».

Elles kan du framleis ringa direkte til den saksbehandlaren du skal ha tak i, då er arbeidstida 08.00-15.30:

Torborg Kleppa, delingssaker, omdisponering av jordbruksjord og konsesjonssaker, midlar frå Innovasjon Norge, næring, vilt, vassdirektivet mm. Telefon 40439123.

Anne Kari Skogerbø, produksjonstilskot, avløysartilskot, sjukdomsavløyising, landbruksvegar, dyrking, drenering, spreieareal osv. Telefon 40439126.

Kristofer Tveiterå, skog – landbruksvegar med hovudformål skog, skogsvegar, skogfond, planting osv. Telefon 40439128.

Haldis K. Nilsen, leiar plan og forvaltning. Motorferdsel i utmark – helikopter, scooter, ATV osv. Telefon 40439120.

Når du kjem og har ærend på Vågahuset der me held til, eller på Kommunehuset, må du venda deg til kundesenteret i biblioteket.

OPNINGSTIDA til kundesenter mm er kl.10.00 – 15.30. Kjem du før det, heng det oppslag med telefonnummer til dei tilsette ved døra.

Uansett kan det vere ein fordel om du har ein avtale på førehand, slik at du veit at den du vil snakka med, er på kontoret. ☺

Me ønskjer alle ein god sommar!